



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtedato** 03.06.2020  
**Møtetid:** Kl. 13:00 - 15:00  
**Møtestad:** Biblioteket

---

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>
Solveig Vassenden
Solveig Sjursen
Karin Børdalen Tveit
Terje Totland
Svein Verner Røseth

**Møtenotater:**

Andre som var tilstades i møtet:

- Meline H. Haugland (einingsleiar innbyggjarservice)
- Karina L. Frøland (frivilligkoordinator) under orientering om frivilligsentralen

<b>Møteleiar:</b>	Solveig Vassenden
<b>Møtesekretær:</b>	Meline Heimdal Haugland

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, <dato>

---

Solveig Vassenden

---

Meline Heimdal Haugland  
einingsleiar innbyggarservice

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2020	20/440	Faste saker	

## SAKNR. 003/2020: Faste saker

### 03.06.2020 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av innkalling og sakliste:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

#### Merknader til protokollen frå førre møte:

Ingen merknader.

#### Orienteringssaker:

##### Frivilligsentralen

Karina L. Frøland, frivilligkoordinator, orienterte om aktivitetar og tilbod i frivilligsentralen. Informasjon om frivilligsentralen vert primært lagt ut på frivilligsentralen si heimeside, på facebook og i Samningen.

I møtet stilte Terje Totland spørsmål om det er høve til å arrangera eit kurs i nettbank for eldre. Frivilligkoordinator undersøker saka. Svein Verner Røseth ønskjer å arrangera eit kurs i spleising av tau. Frivilligsentralen legg til rette for at det let seg gjennomføra.

##### Ekstra møte i eldrerådet

I 2020 er det sett opp tre møter i eldrerådet. Eldrerådet ønskjer eit ekstra møte 2. september for å planlegga eldredagen i oktober.

##### Tilbod om foredrag i velferdsteknologi

Eldrerådet har fått tilbod om foredrag i velferdsteknologi frå Pensjonistforbundet hausten 2020. Eldrerådet hadde besøk av Pensjonistforbundet med same foredrag hausten 2019, og ønskjer ikkje eit nytt foredrag no.

##### Tilbod om opplæring for kommunale eldreråd

Vestland fylkeskommune m.fl. inviterar til digitale samlingar og opplæring for dei kommunale eldreråda, råda for menneske med nedsett funksjonsevne og fellelråda. Samningane vert arrangert digitalt 4. september og 2. oktober. Det er ikkje ønske om å delta i opplæringa blant dei fleste medlemane, men Solveig Vassenden vil vurdere det nærare.

##### Interpellasjon om omsorgsbustader til kommunestyret

Eldrerådet krev at sak om omsorgsbustader kjem opp i formannskapet 3. september.

#### Referatsaker:

##### Dagsturhytte i Samnanger

I møtet gav Meline H. Haugland, møtesekretær og einingsleiar for innbyggarservice, ny informasjon om saka. Prosjektgruppa undersøker no to alternativ til plasseringa av dagsturhytta: Ved Kvernesvatnet langs Prestavegen og i Totræna. Begge plasseringane ser ut til å stetta dei fleste kriteria som er sett av Vestland fylkeskommune, men har ulike kvalitetar. Sak om plassering vert tatt opp politisk rett etter sommarferien då hytta kjem i slutten av oktober.

Eldrerådet vart bedt om å koma med innspel. Solveig Vassenden, Solveig Sjursen og Karin Børdal Tveit ønskjer plassering ved Kvernesvatnet, medan Terje Totland og Svein Verner Røseth stillar seg nøytral til saka.

**ELD- 003/2020 Vedtak:**

Møteinnkallinga og sakslista vert godkjent. Referatsaker vert tekne til orientering.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.